

Norges Fjordhestlag
Myroldhaug
6770 Nordfjordeid

Referat frå styremøte Norges Fjordhestlag

Møte: 06/2021 på Nordfjord Hotel
Tid: Torsdag 06.05.2021 kl. 19.00.

Desse deltok:
Hege Sæther Moen
Vidar Heggheim
Maren Løken
Ingvild R. Hansen
Anne Karin Høgalmen
Asle Espe

Sak 30/21 Konstituering av styret etter årsmøtet.

Vedtak:

Ingvild Rydjord Hansen er vald som nestleiar i Norges Fjordhestlag og medlem i marknadsføringsutvalet.

Giljar Groven er NFL sitt medlem i arbeidsgruppa for Skeid.

Maren Løken er NFL sin representant i aktivitetsutvalet.

Vidar Heggheim er NFL sin representant og leiar i avlsutvalet.

Medlem i arbeidsgruppa Barnas Fjordhestlag blir vald seinare.

Sak 31/21 Kvote på hingstar til 3.gangsvising.

Vedtak:

Etter forslag frå avlsutvalet gjevast det ein generell kvote på 10 hopper til hingstar ved 3. gangs vurdering som 8 åringar. Ved behov kan eventuelt lag søke NFL om utviding av kvoten.

Sak 32/21 Norges Fjordhestlag sin linjehingst i seminastasjonen på Norsk Fjordhestsenter.

(Denne saka vart handsama per telefon og e-post 8.-9.mai.)

Vedtak:

Styret i Norges Fjordhestlag har i samråd med avlsutvalet og Norsk Fjordhestsenter bestemt at Sølrei blir NFL sin linjehingst på NFHS i sesongen 2021.

Nordfjordeid
10.05.2021
Asle Espe